

Enkel besøksstrategi for Eiterstrondi naturreservat

1. Innleiing

Besøksstrategien skal vere ein plan for korleis kommunen som forvaltningsstyresmakt vil gjennomføre besøksforvaltninga i naturreservatet. Strategien skal vere eit konkret og målretta forvaltningsredskap.

Verneforskrifta (*Forskrift om Verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane. Vedlegg 8. Freding av Eiterstrondi naturreservat, Vik kommune, Sogn og Fjordane*, FOR-2009-06-19-806) dannar ramma rundt besøksstrategien. Det er ikkje utarbeidd forvaltningsplan for naturreservatet.

I verneforskrifta har reservatet namnet «Eiterstrondi naturreservat». Den offisielle skrivemåten for stadnamnet er «Eitrestrondi». I denne strategien blir namnet til naturreservatet brukt slik det står i forskrifta. Blir det referert til Eitrestrondi som stadnamn, brukar ein den offisielle skrivemåten for det.

Eiterstrondi naturreservat ligg i ei bratt skogsli med få stiar, i eit noko vanskeleg tilgjengeleg og rasfarleg terreng. Naturreservatet er såleis vanskeleg å «oppleve». Vik kommune har likevel ein visjon om kva funksjon Eiterstrondi naturreservat kunne ha for lokalsamfunnet og som skal vere førande for det vidare arbeidet med besøksstrategien. Besøksstrategien skal seie noko om kva ein kan gjere for å...

- sikre verneverdiane knytt til edellauvskogen.
- auke og formidle kunnskapen om verneverdiane.
- leggje til rette for trygge måtar å «oppleve» naturreservatet på.
- leggje til rette for lokal verdiskaping knytt til naturreservatet.
- auke lokal aksept og forståing for naturreservatet.
- oppnå at Eiterstrondi naturreservat bidreg til å gjere Vik kommune og Arnafjord meir attraktivt for reiselivet.

2. Kunnskapsgrunnlaget

Eiterstrondi naturreservat ligg på den austlege dalsida i Arnafjorden, ein sidearm til Sognefjorden. Nede ved fjorden går reservatgrensa like over fylkesveg 92. Stølaneset er kaien og parkeringsplass til dei veglause gardane på vestsida av fjorden på Otterskreda. Den øvre grensa til reservatet går i ei høgde på mellom 500 - 650 moh.




Eiterstrondi naturreservat sett frå fjorden april 2016 (vidvinkel)

Enkel besøksstrategi for Eiterstrondi naturreservat

Vik kommune – vedteken av kommunestyret i Vik 24.05.2018 saksnr. 034/18

Eiterstrondi naturreservat dekkjer eit areal på 2320 m². Føremålet med fredinga er å ta vare på eit tilnærma urørt, større område med edellauvskog og spesielle naturtypar. Dei viktigaste verneverdiane er knytte til mangfaldet av artar og vegetasjonstypar samt dei naturlege økologiske prosessane. Bestanden av hekkande småfugl er svært tett i naturreservatet. Området har særskilt vitskapleg og pedagogisk verdi.



Oversiktskart Eiterstrondi naturreservat, Kjelde: Fylkesatlas

Enkel besøksstrategi for Eitrestrondi naturreservat

Vik kommune – vedteken av kommunestyret i Vik 24.05.2018 saksnr. 034/18

Landbruk

Store delar av edellauskogen på Eitrestrondi er gamal kulturskog som tidlegare blei sterkt utnytta (jf. Hovig, E. & Wilberg, J.H. 1988). Dette skjedde mest i form av lauring, rising og vedahogst. Det var også slåtteteigar på Eitrestrondi. I tillegg blei området i mindre omfang brukt til beite. Påverknaden gjennom bruken var størst i den nedre delen av lia der det var lett tilkomst via fjorden, og i dei øvre parti med tilkomst frå fjellet. Løypestrengen var lenge i bruk for å frakte m.a. fôr og ved ned til fjorden. Lauvskogen på Eitrestrondi blei tidlegare sett på som så verdifull at området ikkje var aktuelt for granplanting i større omfang. Det blei likevel planta om lag 25 daa med gran nær vegen, midt på Eitrestrondi.


Etter at lauring, rising og utmarksslått ikkje var vanleg lenger, har edellauskogen meir eller mindre blitt overlata til seg sjølv. I dag føregår det framleis spreidd vedahogst nær fylkesvegen.

Stiar

Eitrestrondi er så bratt at det er utsett for steinsprang og ras. Difor finst det ikkje stiar i naturreservatet som er trygge nok til at dei er eigna for tilrettelegging og oppleving av naturreservatet.

Dei få stiar som finst i naturreservatet er meir eller mindre attgrodde og vanskelege å finne for dei som ikkje er lokalkjende. Nokre stiar blir brukte i jaktsamanheng. Frå Nistad går det ein gamal stølsveg til Dragsbotnen (575 moh.), nett ovanfor naturreservatet. Vegen har vore nytta til ymse transport av dyr og varer (m.a. med kløvhest), og kan reknast som kulturminne.

I 2014 fekk grunneigarane eit løyve frå Fylkesmannen for rydding og vedlikehald av stølsvegen til Dragsbotnen og ein sti noko lengre nede i lia (sjå kart). Arbeidet føregår fortløpande. Løyvet er i fyrste omgang gyldig ut 2024.



Kart (kjelde: ryddeløyvet) som viser traséen til stølsvegen og stien gjennom naturreservatet

Enkel besøksstrategi for Eiterstrondi naturreservat

Vik kommune – vedteken av kommunestyret i Vik 24.05.2018 saksnr. 034/18

2.1 Sårbare naturverdier

Verneverdiane i Eiterstrondi naturreservat er mangfaldet av artane og vegetasjonstypene knytt til edellauvskog, samt dei naturlege økologiske prosessane som høyrer til. Store areal er dekt med Alm-lindeskog, delvis med reine lindebestandar.

Sidan det i fråværet av gode stiar normalt ikkje er ferdsel i området, er det truleg fyrst og fremst klimaendringar, framande arter og sjukdom på tre som må reknast som aktuelle truslar for dei sårbare naturverdiane eller verneverdiane.



Skrukkeøre, ein tresopp og raudlisteart som er registrert på Eitrestrondi

Lav, sopp og insekt som er knytt til ein spesiell art må reknast som sårbare fordi dei står i fare for å forsvinne dersom arten dei er knytt til forsvinn. Fuglearter som hekker i hule tre vil vere avhengig av slike lokalitetar for å kunne trivast på Eitrestrondi. Trea som før blei brukt til lauving eller rishogst blir no ikkje stelte lenger. Det kan såleis vere eit spørsmål om edellauvskogen på Eitrestrondi på grunn av dette kjem til å endre karakter over lengre tid, med eit endra artsinventar.

Det er i fylgje *Fylkesatlas* per i dag registret sju raudlisteartar, sopp og lav, i Eiterstrondi naturreservat:

- Almelav (*Gyalecta ulmi*), nær trua
- Ospehvitkjuke (*Antrrodia pulvinascens*), nær trua
- Kystdoggnål (*Sclerophora peronella*), nær trua
- Skrukkeøre (*Auricularia mesenterica*), nær trua
- Hvithodenål (*Chaenotheca gracilenta*), nær trua
- Bleikdoggnål (*Sclerophora pallida*), nær trua
- Blådoggnål (*Sclerophora farinacea*), sårbar

I *Verneverdige edelløvsogger i Sogn og Fjordane – botanisk dokumentasjon* er det nemnd fleire andre sjeldne eller spesielt interessante arter.

I Hovig & Wilberg 1988 er det ei liste over 10 fuglearter som var påvist hekkande på Eitrestrondi denne gongen. Det er kvitryggspett, jernspurv, løvsanger, svart-hvit fluesnapper, rødstrupe, gråtrost, løvmeis, blåmeis, spettmeis og bokfink. I tillegg er det 11 artar som truleg hekkar i området og 11 artar som eventuelt hekkar i området. Totalt blei det observert 38 ulike fugleartar på Eitrestrondi.



Kvitryggspett

Moglege truslar for verneverdiane i Eiterstrondi naturreservat:

- Almesyken, eller andre sjukdom på varmekjære lauvtre
- Framande arter, som t.d. gran, som spreier seg og som trenger tilbake naturleg vegetasjon
- Suksesjon, dersom utviklinga pga. ulike faktorar går i ei anna retning enn edellauvskog

2.2 Reiselivet

I Arnafjord er det i dag fleire reiselivsverksemdar. Tyngda ligg på hytte-/feriehusutleige. Gjestene står for aktivitetar både på fjorden, mest i samband med fiske, og på turstiane i området.

Enkel besøksstrategi for Eiterstrondi naturreservat

Vik kommune – vedteken av kommunestyret i Vik 24.05.2018 saksnr. 034/18

2.3 Den besøkjande

Det er truleg få som ferdast i sjølve naturreservatet, pga. få stiar og rasfare i store delar av området. Det er mogleg å oppleve naturreservatet frå sjøen. Lokalbefolkninga og tilreisande står for ein del aktivitet på sjøen med kajakk, kano eller båt. På fylkesveg 92 mellom Vik og Framfjorden køyrer ein rett nedanfor reservatgrensa. Denne strekninga blir også brukt til sykling (Vik - tunellen el. Vik - Nese t/r). Ein har utsikt til reservatet eller delar av det frå Nese, Otterskreda, frå stølsvegar og turstiar på andre sida av fjorden og frå Dragsbotnen og Skoddesetet ovanfor naturreservatet. For denne indirekte opplevinga av naturreservatet er målgruppa både lokalbefolkninga og tilreisande.



Utsikt til Eitrestrondi frå Dragsbotnen

Av grunneigarane har Eitrestrondi i seinare tid vore brukt til sporadisk vedahogst og til jakt.

3. Mål

Måla med denne enkle besøksstrategien er å leggje til rette for at visjonane forvaltningsstyresmakta har for naturreservatet (sjå innleiing) kan bli realitet.

3.1 Mål for verneverdiane

Målet for verneverdiane er fyrst og fremst å ta vare på desse, men også å auke og formidle kunnskap om dei. Meir kunnskap vil også bidra til meir aksept og forståing for naturreservatet som verneområde. I verneforskrifta for Eiterstrondi naturreservat er det sagt at område har særskilt vitskapeleg og pedagogisk verdi. Kommunen bør difor vere positiv til forskingsaktivitet i naturreservatet. Aktuelle fagfelt kunne vere skogforskning, botanikk, suksesjonsforskning, økosystemforskning, ornitologi, m.m. Ved formidling av kunnskap om området og verneverdiane skal den nye merkevarestrategien for verneområde takast i bruk. Det bør leggjast til rette for undervising. Når det gjeld ferdsel vil det truleg vere ein fordel for verneverdiane dersom den eksisterande ferdselen (t.d. i samband med jakt) held seg til ein eller to faste stiar eller ruter. Ein slik kanalisering vil kunne vere med å avgrensa risikoen for at sjeldne planter blir trua eller sårbare dyrearter blir uroa.

3.2 Mål for reiselivet

Reiselivsaktørane i Arnafjord og også elles i kommunen skal vere klar over at Eiterstrondi naturreservat finst og at det ligg eit visst potensial i å bruke naturreservatet både i marknadsføring av reiselivsverksemdene og området, og til eventuelle aktivitetstilbod. Målet er at reiselivsverksemdar på denne måten kan lukkast med lokal verdiskaping knytt til naturreservatet.

3.3 Mål for dei besøkjande

På grunn av den store rasfaren og det bratte ulendte terrenget kan ein ikkje i stor omfang oppmoda folk til å ferdast i naturreservatet. Stølsvegen til Dragsbotnen kan tene som ferdselsveg i jaktsamanheng, men er truleg ikkje trygd nok for å kunne merkast som tursti. Dragsbotnen og Skoddesete, som ligg rett ovanfor naturreservatet, kunne likevel vere turmål med fin utsikt på naturreservatet. Til desse kan ein komme til frå fjellet. Moglege turalternativ kunne vere:

Enkel besøksstrategi for Eiterstrondi naturreservat

Vik kommune – vedteken av kommunestyret i Vik 24.05.2018 saksnr. 034/18

Framfjorden-Bungane-Dragsbotn, Limmesand-Nygot-Skoddesete-Dragsbotn, Røyrvik-Klimpen-Lomslis-Skoddesete-Dragsbotn eller som ein avstikk frå Vikafjellruta på strekninga mellom Målsete og Unnardalen. Stiane er i dag ikkje gjennomgåande merka. Det kunne vurderast å finne eit høveleg punkt med fin utsikt til reservatet og merka ein eller fleire stiar ditt.

Dei som bur i og vitjar området/kommunen bør få informasjon om at naturreservatet eksisterer, kva verneverdiane er og kva alternative måtar for å «oppleve området» som finst. Informasjon bør vere tilgjengeleg både før folk reiser til kommunen og under opphaldet. Merkevarerstrategien for nasjonalparkar og andre verneområde skal takast i bruk. Det er eit også mål å kunne introdusere ein ny brukargruppe til naturreservatet: forskarar. Det er eit mål å auke aksept og forståing for naturreservatet blant grunneigarane.



Ras på Eitrestrondi i 2014

Enkel besøksstrategi for Eiterstrondi naturreservat

Vik kommune – vedteken av kommunestyret i Vik 24.05.2018 saksnr. 034/18

4. Tiltaksplan

Rekkjefylgja viser også prioriet.

Tiltak	Type tiltak	Ansvarleg	Aktuell samarbeidspartnar	Gjennomføring innan
Informasjon om naturreservatet på nettsida til kommunen	Informasjon	Vik kommune	Fylkesmannen	2018
Lenkje frå sognefjord.no til informasjonssida om naturreservatet	Informasjon	Vik kommune	Visit Sognefjord	2018
Sjå etter eigna punkt i området med utsikt mot reservatet, sjå på merking og korleis ein kan informere om stiane	Trygg «oppleving» av naturreservatet	Vik kommune	Lokalbefolkinga, Arnafjord bygdelag, Vik Turlag	2018
Informasjonsskilt på Rundøyri og på Stølaneset	Informasjonspunkt	Vik kommune	Grunneigarar, Arnafjord bygdelag, Statens vegvesen	2018/2019
Informere om rasfaren på Eitrestrondi i samband med informasjonstiltaka	Informasjon Trygg «oppleving» av naturreservatet	Vik kommune	Statens vegvesen	2018/2019
Dialog med reiselivsaktørar om moglegheit for verdiskaping knytt til naturreservatet	Verdiskaping	Vik kommune	Reiselivsverksemdar	2019
Undersøkje behovet for eventuelle fleire informasjonspunkt (t.d. Nese, bommen mellom Nyskredgjelet og Limmesand)	Informasjonspunkt	Vik kommune	Statens vegvesen	2019

Enkel besøksstrategi for Eiterstrondi naturreservat

Vik kommune – vedteken av kommunestyret i Vik 24.05.2018 saksnr. 034/18

Kjelder for kunnskap:

- [Naturbasen](#)
- [Fylkesatlas](#)
- Jørn Erik Bjørndalen: Verneverdige edelløvsoger i Sogn og Fjordane – botanisk dokumentasjon (basert på feltarbeid i 2004). Institutt for naturforvaltning, Universitet for miljø- og biovitenskap
- Hovig, E. & Wilberg, J.H. 1988. Ornitologiske og botaniske inventeringer i en edellauvskog i Arnafjord, Vik i Sogn. Hovedfagsoppgave, Norges landbrukshøgskole (upubl.)
- Rune Lee & Arne Inge Sæbø 2013. Uteløper i Vik, Vangsnes og Arnafjorden. Vik lokalhistorisk arkiv.
- Rune Lee: Utmarksslåttar i Arnafjorden (I og II, PRIDLAO 2/2015 og 1/2016)
- Fylkesmannen sitt løyve til rydding og vedlikehald av stølsveg og sti (sak 2014/3357-432.4)